



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykker:
Vår: 15/4239 - 16/550

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
08.01.2016

Oversending av dispensasjonssøknad til uttale - gbnr 139/7 Tveiten nedre


Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av kai.

Det har tidlegare vert søkt om byggeløyve for kai på ca. 11 x 3,5 meter og gangveg på 5,5 meter. Etter administrasjonen si vurdering den gongen ville ein samanhengande trekonstruksjon på ca 16 meter (kai og gangveg) langs sjøen i dette området verke dominerande i landskapet, og vil verte svært synleg både frå sjø og land. Vidare var vurderinga at ein trekonstruksjon er dårlig tilpassa dei naturlege omgjevnadane, som er berg og naturleg vegetasjon.


Plan- og miljøutvalet avslo i møte den 22.05.2013 søknaden om å få byggja ein ny, lengre kai, men gav dispensasjon til utbetring av eksistante kai som kunne utvidast til max 8 m under føresetnad at kaien vart tilpassa lokal byggjeskikk, og at farge på tiltaket vart tilpassa naturen omkring.

Det er nå søkt om dispensasjon og byggeløyve for kai på ca. 8 x 3,5 meter. I søknaden er det og vist gangveg på 8,5 meter. Utstrekninga er den same som tidlegare.

Tidlegare avslått kai og gangveg



Omsøkt kai og gangveg



Planstatus



Eigedommen ligg innafør kommunedelplan for Knarvik- Alversund. Eigedommen ligg i LNF- område, der landbruk er dominerande. Arealet i sjø er vannareal for alment friluftsliv.

VURDERING


Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon «for endra kailøysing». Slik vi tolkar søknaden vert det søkt om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen og frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø i pbl § 1-8.


Omsøkte tiltak vil gje ein samanhengande trekonstruksjon på ca 16 meter i strandsona. Tiltaket vil verte svært synleg og dominerande i strandsona, og vil føra til ein vesentleg endring av det eksisterande landskapet. Etter administrasjonen si vurdering vil det vera viktig å bevare strandsona slik ho no er, og hindre at ytterlegare inngrep skjer.

Kommunen kan ikkje sjå at at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt.

Det er ikkje sendt inne revidert situasjonsplan. Situasjonsplanen under er den same som er handsama i tidlegare søknad.



Digitalt Plankart og situasjonskart i fargar



Flyfoto



Tiltakshavar sin søknad er vedlagt saka.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - gbnr 139/7 Tveiten nedre

Fullmakt

Søknad om endring av gitt løyve

Teikningar

Kopi til:

Kåre Jordal

Mottakarar:

Bergen og omland havnevesen
Fylkesmannen i Hordaland
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 6040 5892
Postboks 7310 5020
Postboks 7900 5020

BERGEN
Bergen
BERGEN